



Fylkeskommunale eldreråd i Norge

Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		4730/2017/	Paula Næss Skår, 71 28 03 03	13.01.2017

## **Foreløpig invitasjon til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2017**

Møre og Romsdal fylkeskommune v/eldrerådet vil med dette invitere til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd

**22. mai – 24. mai 2017 på Scandic Parken hotell i Ålesund.**

### **Foreløpig program:**

#### Måndag 22. mai:

- |           |  |
|-----------|--|
| KI 10:30: | Registrering   |
| KI 11:00: | Byvandring i Ålesund                                 |
| KI 12:30: | Lunsj  |
| KI 13:30: | Foredrag   |
| KI 18:00: | Tur til Atlanterhavsparken. Fellestransport med buss |
| KI 19:30: | Middag   |

#### Tysdag 23.mai:

- |           |   |
|-----------|---|
| KI 09:00  | Informasjon og drøfting av ulike tema som fylkeseldreråda arbeider med  |
| -         | Vi ber om at alle fylkeseldreråda melder inn tema som ein ønskjer skal bli informert om og drøfta. Det blir valt ut inntil 5 tema. Den som har meldt inn det enkelte tema, må presentere dette. Det blir lagt opp til drøfting i etterkant av kvart tema. |
| -         | Arrangørfylket vil førebu tema om folketalsutviklinga og utfordringar dette vil ha i høve den kommunale planlegginga.   |
|           | Frist for å sende inn tema: <b>28. april 2017.</b>  |
| KI 14:30: | Besøk ved Sunnmøre museum. Fellestransport med buss.<br>Orientering om museet og museet sitt unike unikt tilbod til unge personar med ei dementdiagnose.  |
| KI 19:00: | Festmiddag  |

#### Onsdag 24. mai:

- |           |  |
|-----------|--|
| KI 09:00: | Foredrag   |
| -         | Vedtak om eventuelle uttaler frå landskonferansen.   |
|           | I samsvar med dei nye retningslinjene som vart vedteke på landskonferansen i fjor, ber vi om at forslag til uttale blir sendt inn i god tid før konferansen og seinast i løpet av dag éin. |
| -         | Redaksjonskomité blir valt på første dag av konferansen.   |
| KI 12:00: | Avreise til Giske og Alnes fyr- og opplevelsessenter. Orientering og omvising.   |

Kl 14:00: Konferansen blir avslutta med lunsj.

Bussane kører om Vigra flyplass for dei som skal reise heim med fly. Bussane returnerer til Ålesund sentrum og hotellet for dei som har eigen bil eller skal reise heim igjen med buss.

**Prisar:**

Fullpensjon enkeltrom 22.05. – 24.05	kr 1295 pr døgn
Fullpensjon dobbeltrom 22.05. – 24.05	kr 1095 « «
Enkeltrom m/frukost - tilknytingsdøgn	kr 925
Dagpakke avreisedag	kr 530
Dagpakke for ikkje-buande	kr 530
Eigenandel festmiddag	kr 500

**Praktiske opplysningar:**

Kvar fylkeseldreråd bestemmer sjølv kor mange deltakara dei vil melde på. Møre og Romsdal fylkeskommune vil etterfakturere til kvart fylkeseldreråd.

Vi håpar så mange som mogleg vil melde seg på konferansen. Endeleg program med påmelding vil vi sende ut i løpet av februar.

Vi vil sette påmeldingsfrist til **3.april 2017.**

**Vi ser fram til å sjå dykk i vakre Ålesund – hjarteleg velkommen til dykk alle!**

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

Paula Næss Skår  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og signert.*